

Protokoll

Organ	Møtedato	Vedtaks- sak nr.	Tidl. sak	O-sak nr.	Ark.
Styre	10.04.2019	10 - 13 /2019			
Representantskap					

Innkalling sendt	<p>Åge Verpe (Vinje), Gunnar Eilefstjønn (Seljord), Mona Skaufel Seltveit (Tokke), Kjersti Bergland (Fyresdal)</p> <p>Konsultativ: Elsa Ann Hauglid (driftsleiar)</p>
Forfall	John Kjell Lien (Fyresdal), Tone Gulliksen Øy (Kviteseid), Olav Kjetil Greivstad (Kviteseid)
Sak 10/2019	<p>Sak 10/2019 Godkjenning av rekneskap og årsmelding for året 2018 Vedlagt møtebok / møteinnkalling fylgjer utkast til rekneskap og årsmelding for året 2018 Styret gjer vedtak om godkjenning.</p>
Vedtak Sak 10/2019	<p>Sak 10/2019 Godkjenning av rekneskap og årsmelding for året 2018 Styret godkjenner det framlagte forslaget til rekneskap og årsmelding for året 2018.</p>
Sak 11/2019	<p>Sak 11/2019 Forvaltningsrevisjon/selskapskontroll – Telemark kommunerevisjon Kontrollutvalet i Vinje kommune tok i møte 7. mai 2018 initiativet til ein forvaltningsrevisjon/selskapskontroll med fleire ulike problemstillingar rundt handtering av sjølvkost. Det var særleg fokus på avfallsområdet. Kontrollutvala i dei andre kommunane som er eigarar av Renovest IKS blei inviterte til å vere med på revisjonen.</p> <p>Heimel for forvaltningsrevisjon i kommunen er gitt i kommunelova § 77 nr. 4, jamfør forskrift om kontrollutval kapittel 5 og forskrift om revisjon kapitel 3. Heimel for forvaltningsrevisjon i selskap og rett til innsyn i selskap følgjer av kontrollutvalsforskrifta kapittel 6 og kommunelova § 80.</p> <p>Revisjonsrapporten – 2019\750 018 – føreligg og skal handsamast i felles kontrollutvalmøte (eigarkommunane) den 2. april -19</p> <p>Styret handsamar rapporten i dette møtet basera på utsendt utkast frå Telem. kommunerevisjon, utkastet inneheld og høyringsvar/-kommentarar.</p> <p><u>Verksemda si oppsummering av rapporten er som følgjer:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Er forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?</i> <p style="margin-left: 40px;">Forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje er i hovudsak i tråd med heimelsgrunnlaget. <u>Kommunane har høve til å bestemme at det skal vere lik pris for alle eigedomskategoriar</u></p>

2. Forskrifta er ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget på følgjande punkt:

i. Kommunane har ikkje høve til å gje Renovest IKS forskriftsmynde.

Gjeldane føresegna lyder slik:

§ 16. Delegering

Renovest IKS har rett til å gjennomføre renovasjonen i samsvar med denne føresegna.

Mindre endringar i denne føresegna kan endrast av styret i Renovest IKS.

Dei fullmakter som i denne føresegna er lagt til interkommunalt renovasjonsselskap, er gjeve med heimel i forureiningslova § 83.

§ 83 i Forureiningslova, andre ledd, lyder slik:

Kommuneloven gjelder for kommunens og fylkeskommunens delegasjonsadgang.

Når særlige hensyn taler for det, kan kommunestyret og fylkestinget delegerer myndighet til å treffe enkeltvedtak til henholdsvis kommunale/interkommunale og fylkeskommunale/interfylkeskommunale selskaper.

Definisjon av enkeltvedtak:

Enkeltvedtak er innen norsk forvaltningsrett et vedtak med en eller flere bestemte personer som adressat. Når enkeltvedtaket fattes av Kongen skjer det i form av en kongelig resolusjon. Et vedtak som retter seg mot «et ubestemt antall eller ubestemt krets av personer» er en forskrift.

Enkeltvedtak kan skilles fra forskrift ved å se på hvorvidt vedtaket er gitt individualiserte adressater eller ikke. Det kan tenkes enkeltvedtak som retter seg til en store mengde personer på den ene side, og forskrifter som er generelle, men som kun vil få betydning for et ganske begrenset antall personer på den annen side.

Kommunerevisjonen uttaler flg.:

Forureiningsloven § 83 andre ledd har denne ordlyden:

Når særlige hensyn taler for det, kan kommunestyret og fylkestinget delegerer myndighet til å treffe enkeltvedtak til henholdsvis kommunale/interkommunale og fylkeskommunale/interfylkeskommunale selskaper.

Det kommer en bestemmelse om delegasjon i ny kommunelov § 5-4. Denne trer i kraft når nytt kommunestyre er konstituert etter valget.

Ny kommunelov § 5-4 Kommunestyrets og fylkestingets adgang til å delegerer vedtaksmyndighet til andre rettssubjekter

For saker som gjelder lovpålagte oppgaver, kan kommunestyret og fylkestinget delegerer myndigheten til å treffe vedtak til andre rettssubjekter så langt lovgivningen åpner for det. For andre saker kan kommunestyret og fylkestinget delegerer myndighet til å treffe vedtak til andre rettssubjekter hvis saken ikke har prinsipiell betydning.

Her følger det at kommunen kan delegerer myndighet til et IKS i samsvar med forureiningsloven § 83 andre ledd, dvs at forskriftsmyndighet ikke kan delegeres. Man kan delegerer oppgaver, og man kan delegerer avgjørelsen av enkelt saker som ikke har prinsipiell betydning, bl.a. enkeltvedtak etter forureiningsloven, så lenge de ikke har prinsipiell betydning.

ii. Det er ikkje høve til å differensiere gebyra ut frå sosiale omsyn eller formål.

Tiltak:

Tidlegare styrevedtak (07-2009) om utdeling og levering av ekstra «blåsekker» til / av småbarnsfamilier avlysast og ordninga opphevast event. vidareførast direkte i kommunal regi.

3. *I kva grad følgjer Renovest IKS reglane om sjølvkost, og er fordelinga av renovasjonskostnadene mellom kommunane i tråd med gjeldande krav?*

i. *Selskapet sin praksis med sjølvkostfond er ikkje i tråd med regelverket. Handtering av fond bør så langt det er praktisk mogleg bli tilpassa regelverket.*

	<p>Tiltak: RV avviklar sine sjølvkostfond, og følgjande avrekningsprinsipp innførast:</p> <ol style="list-style-type: none"> Kommunane sit med gebyrinntektene, og då skal RV årleg tømme sine «overskotskonti» eller tilleggsfakturere til dekking av «underskot» Då kommunane avsluttar sine rekneskap tidlegare enn RV må ein leggje inn ei forsinking med minimum eit år for slike «transaksjonar» / eigarar og IKS'et imellom. <p>4. <i>Selskapet bør gjere eit skilje i rekneskapen mellom kostnader og inntekter som gjeld handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegga i kommunane.</i></p> <p>Tiltak: RV etablerer skilde avdelingar for inntekter/kostnader i sitt rekneskapssystem, jf. kommentar i «oppsummering» til Forvaltingsrapporten.</p>
<p>Vedtak Sak 11/2019</p>	<p>Sak 11/2019 Forvaltingsrevisjon/selskapskontroll – Telemark kommunerevisjon</p> <ol style="list-style-type: none"> <i>Er forskrift for innsamling og handsaming av hushaldsavfall mv. for Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje i tråd med heimelsgrunnlaget?</i> <u>Kommunane har høve til å bestemme at det skal vere lik pris for alle eigedomskategoriar.</u> <i>Styret tek presisseringa om lik pris for alle eigedomskategoriar til vitande.</i> <i>Forskrifta er ikkje i samsvar med heimelsgrunnlaget på følgjande punkt:</i> <ol style="list-style-type: none"> <u>Kommunane har ikkje høve til å gje Renovest IKS forskriftsmynde.</u> <i>Styret vil foreslå endring av §16 Delegering i gjeldane føresegn:</i> <i>Renovest IKS har rett til å gjennomføre renovasjonen i samsvar med denne føresegna. Dei fullmakter som i denne føresegna er lagt til interkommunalt renovasjonsselskap, er gjeve med heimel i kommunelova §5-4 og forureiningslova § 83.</i> <u>Det er ikkje høve til å differensiere gebyra ut frå sosiale omsyn eller formål.</u> <i>Tidlegare styrevedtak (07-2009) om utdeling og levering av ekstra «blåsekk» til / frå småbarnsfamilier opphevast og ordninga avsluttast event. vidareførast direkte i kommunal regi.</i> <i>Dette i tråd med forvaltingsrapport.</i> <i>I kva grad følgjer Renovest IKS reglane om sjølvkost, og er fordelinga av renovasjonskostnadene mellom kommunane i tråd med gjeldande krav?</i> <i>RV avviklar sine sjølvkostfond, og følgjande avrekningsprinsipp innførast med verknad frå 01.01.2020:</i> <ol style="list-style-type: none"> <i>Kommunane sit med gebyrinntektene, og då skal RV årleg tømme sine «overskotskonti» eller tilleggsfakturere til event. dekking av «underskot»</i> <i>Då kommunane avsluttar sine rekneskap tidlegare enn RV må ein leggje inn ei forsinking med minimum eit år for slike «transaksjonar» / eigarar og IKS'et imellom.</i> <i>Ved avrekninga til kommunane legg ein til grunn årleg tal renovasjonsabonnentar, tal tømde slamavskiljarar og tal tonn RA-slam som RV har handsama for den einskilde kommune</i> <i>Avrekninga skjer med bakgrunn i nominelle verdiar utan rentepåslag.</i> <i>Selskapet bør gjere eit skilje i rekneskapen mellom kostnader og inntekter som gjeld handtering av slam frå bustader og slam frå reinseanlegga i kommunane.</i> <i>RV etablerer skilde avdelingar for inntekter/kostnader frå høvesvis hushaldsslam og RA-slam i sitt rekneskapssystem.</i> <i>Det etablerast skilde sjølvkostrekneskap mellom hushalds- og RA-slam</i> <i>Førehaldet får verknad frå 01.01.2020</i>

Sak 12/2019

Sak 12/2019 Skisseprosjekt for utvidelse av adm. bygg

Framtidig vil det kunne bli aktuelt med fleire tenestar i eigen regi, og i slik samanheng vil det vera naudsynt med utviding av dagens administrasjonsbygg i Brunkeberg. Det er mellom anna trong til flere kontor plasser, utviding av garderobeanlegg og nytt serverrom med plass til kontorrekvisita.

Følgjande plan ligg til grunn for utvidinga:

Vi planlegg etter fylgjande tal mannskap:

Det kan gå i retning av at Renovest IKS skal «serve» fleire av våre tenester i eigenregi, og med dette som bakgrunn kan ein sjå føre seg ei naudsynt utviding av eksisterande kontor- / garderobebygg i Brunkeberg.

Utvidinga av eksisterande bygg bør ombyggjast / prosjekterast på ein måte slik at det stettar krava til «Arbeidsplassforskrifta»;

- personalrom

Dagens personalrom stettar ikkje krava til framtidig auka i mannskapstal (om ein fylgjer arealkrav som ligg til grunn i vegleiar - Arbeidstilsynet)

Til dagleg vil ikkje «sjåførtilsett» bruke / leggja beslag på personalrom, dei har i hovudsak staden (Brunkeberg) som oppmøtestad og vil vera i bil heile dagen.

- garderobe / tilgang til dusj / garderobeskap / «urein og rein sone»

Alle kategoriar tilsette vil i hovudsak leggja beslag på garderoberom og dusj.

Garderobeskap vil i hovudsak brukast av utetilsette og sjåførar.

«Urein og rein sone» vil nyttast av utetilsette og sjåførar.

«Arbeidstadsføresegna seier m.a.:

Atskilte garderober er hovedregelen. Behov og den enkeltes integritet må legges til grunn for vurderingen. Selv i små virksomheter må atskilte garderober vurderes ut fra arbeidets art og behovet for å skifte til eller fra arbeidstøy. Tiltettelegging for fysisk aktivitet blant arbeidstakerne, for eksempel å sykle til og fra jobb, bør også tas med i vurderingen av behovet for garderober.

Vi planlegg etter fylgjande tal mannskap:

Personell / kontor og gard.	2019	2020	2022	Total	Herav kontortilsette	Herav utetilsette	Herav sjåførar
Dagens kontorpersoneell	4			4	4		
Prosjektleiar	1			1	1		
Utetilsette / Br.berg idag	3			3		3	
Hytterenov. – sjåførar		3		3	(1)		2 (3)
Hushaldsrenov. – sjåførar			6	6			6
Transp-/logistikk (kontor)			1	1	1		
Slam/komp. – Litveit		1		(1)		(1)	
Slamrenov.			3	3			3
Administrativ slambehandling				1	1		
Slamtransport / RA			1	1			1
Total	7	4	11	22 (1)	7 (1)	3 (1)	12 (3)

Funksjon	Tal	Arbeidsstad/oppmøte	Arbeidstid
Kontorpersoneell:	7(8) stk	Kontor plass Brunkeberg	07:30- 15:00
Fagarbeider	3	Arbeidsplass Brunkeberg	07:30- 15:00
Sjåfør	13	Oppmøte Brunkeberg	07:00- 18:00 (turnus)
Driftsoperatør / lokasjon Litveit	1	Litveit slamlegg	07:00- 16:00 (4 dagar pr. veke)
Fagarbeider / utetilsett	1	Satelittmottak	12:00- 19:30 (3 dagar pr. veke)

	<ul style="list-style-type: none"> • 10-11 stk som vil ha fast arbeidsplass på Brunkeberg • 13 stk som har Brunkeberg som sin base før og etter endt arbeidsdag • 1 stk som har sin arbeidsplass på Litveit slamanlegg • 1 (3) stk om har sin arbeidsplass på skårmoen, Vistad og Hovdestad satelittmotta <p>Skisse / prosjekt Sweco er engasjert, med 3D Arkitekter AS som fagleg støtte, til å vurdere prosjektet. Vi har estimert framtidige tal tilsette, og basert på desse opplysningane har 3D Arkitekter AS i samarbeid med Arbeidstilsynet (Arbeidsplassforskrifta) kome med forslag til endringar/utvidingar av eksisterande servicebygg i Brunkeberg (sjå vedlagt prosjektskisse, kostnadsoverslag og plantegningar – notat frå Sweco / prosjekt 10210670 / av 21.03.2019)</p> <p>Finansiering Om kostnadsestimatet mill. kr 3,3 leggast til grunn vil ein med lån i Kommunalbanken Norge over 30 år og 3% alt. 4 % rente ende opp med ei årleg termin-/nedbetaling i storleik kr 170 000 alt. Kr 190 000 avhengig av rentenivået.</p>
Vedtak <i>Sak 12/2019</i>	<p>Sak 12/2019 Skisseprosjekt for utvidelse av adm. bygg</p> <p><i>Styret godkjenner skissera utbyggingprosjekt.</i></p>
<i>Sak 13/2019</i>	<p>Sak 13/2019 Eventuelt</p> <p>i. Herreløst avfall Avfall frå oppryddingsaksjonar enten i kommunal regi eller som dugningar frå lag og organisasjonar kan ikkje dekkjast over budsjettet til Renovest IKS. Sjå melding frå Miljødirektoratet: <i>Det er korrekt at dette skal dekkes av midler i kommunebudsjettet. Ettersom herreløst avfall ikke kan anses som husholdningsavfall, kan ikke avfallsgebyret finansiere opprydding eller behandling av herreløst avfall.</i> Med hilsen Maryam Kausar rådgiver, seksjon for avfall og grunnforurensning</p> <p>ii. Handtering av slam frå IRMAT AS/Høst Det er kome førespurnad frå IRMAT AS om hjelp til handsaming av «råslam» frå regionen som IRMAT AS dekkjer. Frå 01.01.2020 vil Renovest IKS i eigenregi handsame eige slam ved mottaket på Litveit. Om forholda elles ligg til rette vil ein sjå moglegheit av å ta slammet frå IRMAT AS inn i vår handsamingsprosess. Dette vil mest sannsynleg vera ein «næringsaktivitet» for Renovest IKS</p> <p>iii. Etablering av eit heileigd dotterselskap Med bakgrunn i dagens og med tillegg av ein ønska utviding av «næringsaktivitet» på renovasjonsområdet samt eit event. tillegg jf. pkt. ii) over vil ein sannsynlegvis ende opp med ein næringsaktivitet (les: omsetnad) som overstiger 20% av verksemda si samla omsetnad, og det vil då vera naudsynt/fornuftig med å skilje all næringsaktivitet ut i ei ny verksemd/dotterselskap.</p>
Vedtak <i>Sak 13/2019</i>	<p>Sak 13/2019 Eventuelt</p> <p>i. Herreløst avfall Styret tek informasjonen til vitande</p>

- | | |
|--|--|
| | <p>ii. Handtering av slam frå IRMAT AS/Høst
Styret ser positivt på at administrasjonen innleiar kontakt med IRMAT, dette med tanke på å etablere avtale om handsaming av slam frå IRMAT AS</p> <p>iii. Etablering av eit heileigd dotterselskap
Styret meiner det er rett å etablere ei eige næringsverksemd, med klårt skilje av slik aktivitet frå «sjølvkostområda»
Verksemda skal, og i tråd med «Selskapsavtala», vera heileigd dotterselskap av Renovest IKS.
Slik verksemd etablerast som eit aksjeselskap.</p> |
|--|--|

Neste styremøte etter møteplanen: 29.04.2019

Brunkeberg, den 10.04.2019

Åge Verpe
Styreleiar

(forfall) _____
Olav Kjetil Greivstad
Varamedlem

Gunnar Elefstjønn

Gunnar Elefstjønn
Nestleiar

Kjersti Bergland
Varamedlem

Mona S. Seltveit

Mona Skaufel Seltveit
Styremedlem

Toralf Orekåsa

Toralf Orekåsa
Sekretær / dagleg leiar

Sett: Tone N. Midtbo

Sett: Tone G. Øg

Sett: Salm L